



Byglandsnytt nr.23 - juli 2021

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.r

Neste utgåve: 1. august - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan **22.07.**

Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

Vanlege opningstider Bygland kommunehus

Sentralbord: tlf. 37 93 47 00 - måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00

Publikumsmottak stengt for tida ifølge nasjonale retningslinjer

NAV: tlf. 55 55 33 33 - måndag – fredag kl. 08.00-15.00

Rettleiingssenter i Bygland: uten timeavtale torsdag kl. 12.00–14.00 (stengt 15/7)

Legekontoret tlf. 37 93 47 30 - Legevakt tlf. 116 117

Bygland legekantor

Byglandsfjord legekantor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	09.00 – 15.00	
tysdag	09.00 – 15.00	
onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
torsdag	09.00 – 15.00	
fredag	Stengt	09.00 – 15.00

Legekontoret har vanlege opningstider. Men måndagar har legekontoret på Evje legeberedskaper for Bygland frå 21.6 til 18.7 og på onsdagar frå 19.7 til 15.8. på grunn av ferieavvikling. Då må pasientane møte på Evje legekantor om dei treng legetime akutt.

Folkebiblioteket i Bygland

Opningstider sommar 2021

Sommarferie på biblioteket vert veke 27 til og med veke 31. Siste dag før ferien blir torsdag 1.juli og første dag etter ferien blir måndag 9.august.


Politiske møte, sakspapir og protokollar:

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Plan, miljø- og ressursutvalet:** 07.07. kl. 10.00

KORONA

- Evje og Hornnes og Bygland kommune legg ut felles **risikoanalyse for Covid 19 smitte** i kommunane kvar fredag. Resultatet blir lagt ut på Bygland kommune si heimesida og på Facebook-sida.



- **Informasjon om vaksiner** av innbyggjarane blir oppdatert på Bygland kommune si heimesida kvar veke.



- **Oversyn over nasjonale tiltak** finn du her: regjeringen.no/no/tema/Koronasituasjonen
- **Koronatelefon:** 941 73 912. Telefonen er bemanna kvardagar mellom 09:00 og 12:00.
- **Eigenerklæringsskjema til vaksinasjon** finn du på kommune si heimesida. Det er fint om du tar med ferdig utfylt skjema når du kjem til vaksiner. Du kan og få skjemaet når du kjem.
- Det har ikkje vært nokon i Bygland kommune med Covid 19 smitte den seiste tida og ingen i smittekarantene. Tilsette på legekantoret **testar** i heile sommar og medlemmar av smittesporingsteamet kan kallast inn på kort varsel.
- Vi **vaksinerer** i heile sommar og det er alltid spanande kor mange vaksinar vi får. Dette veit vi 10 dagar før vaksinane kjem. Då setter vi opp liste og kallar inn gjennom varsling 24. Viss vi ikkje får svar følger vi opp med sms eller telefon. Det er tilsette i pleie og omsorg som vaksinerer og vi må leige inn ekstra bemanning.
- Det nye digitale **koronasertifikatet (koronapass)** viser om du er vaksinert, om du er immun etter å ha hatt covid-19-sykdom og resultatet viss du har negativ koronatest. Les meir: helsenorge.no/koronasertifikat/om/

Status på vaksinasjon (Covid -19) i Bygland kommune - Oppdatering pr. 28.06.21



Vi held no på med vaksinerings av innbyggjarar i gruppa 55 - 64 år.
Dose 1: 481 - Dose 2: 337

Vi minner om at vi bruker Varsling24 til å sende ut SMS til dei som står for tur til vaksinerings. Les meir dette nede.

Tabell over antall vaksinedosar veke 23 – 29 (kolonne 1: Veke, kol. 2: Dato, kol. 3: Talet på dosar, kol. 4: Til revaksinerings, kol. 5: Nye)

23	8.6	54	36	18
24	15.6	48	18	30
25	22.6.	54	6	48
26	28.6	54		
27	5.6	30		
28	12.7.	30		
29	19.7.	54		

Tid og stad

Du vil få melding om oppmøtetid og -stad når du får innkalling. Det er svært viktig at ein prioriterer denne avtalen, og heller endrar på eventuelle andre avtalar. MEN, dersom ein har symptom på luftvegsinfeksjonar (som feber, hoste eller forkjøling), må ein gi melding om at ein ikkje kan møte. Då kan denne dosen gå til den neste på lista, og du vil igjen få høve til å ta vaksinen veka etter.

Ring Bygland kommune på tlf. 37 93 47 00 dersom du ikkje kan bli vaksinert.

Viktig

Ein må møte opp på tidspunktet ein har fått - ikkje før eller etter. Dette er for å hindre at mange menneske blir samla på ei gong.

Vaksinasjonsstad

Dette vil variere ettersom kor mange som skal vaksinerast, og kor mykje plass vi treng. Du vil få melding om kvar du skal møte, og kva tidspunkt du skal møte.

Vi vil så langt som råd tilpasse oppmøtestaden som ligg nærast der du bur. Hovudregelen er:

- Vaksinerer skjer i ei leilegheit på nordsida av Byglandsheimen
- Massevaksinerer vil skje i Byglandshallen

Har du fått SMS frå Bygland kommune vedk. vaksinerer?

Har du fått SMS via Varsling24 frå oss? Då er det viktig at du gjer det som står i SMS'en!

Nederst i SMS'en er det ei lenke. Du må trykke på den. Du får no følgjande val: «Ja», «Nei» og «Har fått vaksinen». Du får altså moglegheit til å takke ja eller nei til vaksinen. Om du allereie er fullvaksinert, t.d. at du har fått vaksine gjennom jobben din, kan du trykke på «Har fått vaksinen»

Det er, som sagt, svært viktig at du trykker på lenka for å svare! Om du ikkje får dette til, kan du ringe til sentralbordet på tlf. 37 93 47 00, så kan vi vidareformidle svaret ditt.

Det er viktig at du møter opp på tida.



Koronasertifikat for ikkje-digitale brukarar er klart 24. Juni

Koronasertifikatet er digitalt. Innbyggjarane får tilgang til det på Helsenorge.no. For dei som ikkje kan bruke det digitale sertifikatet er det no utvikla ei eiga løysing.



Det er estimert at i overkant av 100.000 innbyggjarar i Noreg har avgrensa digitale ferdigheiter og ikkje kan bruk www.helsenorge.no og det digitale koronasertifikatet. For å ta vare på desse innbyggjarane, har FHI utvikla ein web-applikasjon som gjer det mogleg for sakshandsamarane ved Helfo å

bistå ikkje-digitale brukarar som tar kontakt via telefon til informasjonstelefonen for korona.

Følgjande informasjon kan brukast i møte med ikkje-digitale brukarar. Vi understreker budskapet om at dei som kan bruke digitalt koronasertifikat, bør gjere det.

Frå 24. juni kan du som ikkje kan bruke smarttelefon, PC eller nettbrett få tilsendt koronasertifikat i posten. Tenesta kan brukast om du er vaksinert eller immun etter gjennomgått covid-19.

Sertifikatet har to delar:

- Koronasertifikat for innanlands bruk
- Koronasertifikat for å passere grenser i EU- og EØS-området

Treng alle koronasertifikat?

Du treng ikkje koronasertifikat med mindre du skal ut og reise til land som krev koronasertifikat for innreise, for å unngå karantene når du reiser inn i Noreg, om du ønskjer å delta på større arrangement eller kystcruise med krav om koronasertifikat.

Ved å logge inn på <http://www.helsenorge.no> får du tiltang til ditt digitale koronasertifikat. Personar som ikkje kan bruke den digitale løysinga, kan bruke fullmaktsløysinga på Helsenorge for å få hjelp til å skrive ut eit, til ein kvar tid, gyldig koronasertifikat.

Frå i dag kan ein og ta kontakt med Helfo for bistand til å få ei utskrift sendt heim til di folkeregistrerte adresse. Sjå meir informasjon under.

Vi tilrår at alle som kan, bruker den digitale løysinga

Det digitale koronasertifikatet på www.helsenorge.no blir oppdatert automatisk, og er gyldig i 90 dagar (til ei kvar tid). Du kan laste ned ditt digitale koronasertifikat til din mobiltelefon eller nettbrett. Det er ikkje naudsynt med utskrift av sertifikatet om du har dette digitalt. Om du likevel ønskjer ei utskrift, ber vi om at du ordnar dette sjølv.

Framgangsmåte for bistand til ikkje-digitale innbyggjarar

1. Ha klart fødselsnummer eller d-nummer.

2. Ring informasjonstelefonen for korona:

- Opningstid kl. 08:00 - 15:00, måndag til fredag
- Frå Noreg: 815 55 015
- Frå utlandet: +47 21 89 80 42

Sakshandsamar vil be deg om ditt fødsels- eller d-nummer, og be deg opplyse om namnet ditt og di folkeregistrerte adresse. Om namnet og adressa du opplyser om ikkje stemmer med det som visast som folkeregistrert adress i vårt system, kan du diverre ikkje få tilsendt koronasertifikatet. Du må då kontakte folkeregisteret for å avklare kva som er registrert på deg. Om du har gyldig koronasertifikat, vil du få dette tilsendt pr. post.

Du må sjølv vere merksam på gyldigheitsdatoen som er 90 dagar frå utskriftsdatoen.

Helse:

Registrering av hjartestarter på 113.no

Er du ansvarleg for ein hjartestartar? Rådet for eldre og funksjonshemma i [Bygland kommune](#) oppmodar alle til å registrere den på 113.no! Det tar berre nokre minutt, så kan hjartestartaren hjelpe fleire i nærområdet, dersom nokon får hjartestans.



Hjartestarter på kommunehuset
Foto: S. Hegenscheidt

113 vil ved mistanke om hjartestans visa innringar til næraste registrerte hjartestartar og be nokon henta han.

Les meir: 113.no/hjartestarterregisteret/

Informasjon om syns- og hørselskontakt

Hørselskontakt

Kontaktinformasjon og timebestilling:

Namn: Cecilie Myhre

Telefon: 90 36 83 70 (telefontid kvar onsdag)



mellom 08:15 og 09:00, samt måndagar når ho er i Bygland. Ho svarer då mellom konsultasjonar og anna)

E-post: cecilie.myhre@e-h.kommune.no

Cecillie Myhre kjem til å vere tilstades på UV-rommet på Byglandsheimen desse dagane frå kl. 09:15 - 14:00:

• torsdag 5. juli	• måndag 30. august
•	• måndag 20. september

Timebestilling i regi av sjukehuset på onsdagar gjeld framleis.

Drop-in på onsdagar på Evje gjeld, men er per no timebestilt via Hørselsentralen pga korona.

Hørselsentralen telefon: 37 01 45 40 (mellom kl. 09:30 og 11:30)

Synskontakt

Det er kommunen sin ergoterapeut som fungerer som synskontakt.

Kontaktinformasjon:

Namn: Andreas Hammervold Isaksen

Telefon: 922 01 872

E-post: andreas.hammervold.isaksen@bygland.kommune.no

Økonomi, Næring og Miljø

Økonomi

Økonomirapportering per 30/4 viser mellom anna at kommunen må setje av kr 600.000 meir til lønsoppgjeret i 2021 enn det opphavleg var budsjettert med, men at ein og kan justere opp



rammetilskot frå staten og skatteinntekter med til saman kr 1,4 mill. SSB sine prognoser i haust estimerte ein lønsvekst på 2,2 %, men den vart i realiteten 2,8 %. Dette, kombinert med avsetning av øyremarka midlar til ras- og flaututgreiing, gjer at den økonomiske situasjonen ikkje er vesentleg endra samanlikna med opphavleg budsjett for 2021, trass i auke i statlege overføringar og skatteinntekter.

Innbyggjartalet i kommunen var 1138 per 1. kvartal 2021. Dette er det lågaste innbyggjartalet kommunen har hatt nokon gong, og ei dramatisk nedgang frå 2018, då kommunen hadde 1207 innbyggjarar. Redusert innbyggjartal bidreg til å innskrenke kommunen sine inntekter, og viss ikkje innbyggjartalet aukar i løpet av 2. kvartal, må ein rekne med negativ realvekst i rammetilskot og skatteinntekter i 2022. Utbytte frå Agder Energi vert i 2022 cirka like lågt som i 2021, dvs. rundt 3,8. mill., som er om lag 3 mill. lågare enn utbyttet i åra 2020 og tidlegare. Høge straumprisar i 2021 gjer at konsesjonskraftinntektene sannsynlegvis vil auke i 2022, men ein har ikkje fått utbetalingsprognosane enno. Eigedomsskatteinntekter frå kraftverk mv. har eit etterslep på to år, som vil seie at effekten av dei høge straumprisane i 2021 ikkje vil kome før i 2023.

Næring

Bygland kommune har fått 500.000 kr i ekstraordinære statlege midlar for å hjelpe lokale bedrifter som er særleg hardt råka økonomisk av covid-19-pandemien. Søknadsfristen var 10. mai,



og søknadane er no handsama, med det resultat at Revsnes Hotell, Setesdølen avis, Skild AS, Ose Water AS, Agder Overnatting AS (drivarane av Ose turistheim), Brygga Bygland og Setesdal Communication fekk innvilga tilskot. Omsetningssvikt, negativ likviditetsutvikling og resultat i 2020, og generelt økonomiske ulemper for bedrifta som følgje av covid-19, var kriteria som låg til grunn for utdeling av tilskot.

Nesodden Industribygg AS har kjøpt næringsstomt av Bygland kommune på Nesmoen. Planen er at det etter kvart vert sett opp eit industribygg til utleige for næringsdrivande. Førselege plassering av bygget er i nærleiken av riksveg 9, nord for forretningsbygget som allereie står der.

Byglandstunet AS

Byglandstunet AS er eigedomsselskapet som eig kommunehuset, Jokerbygget og bibliotekbygget på Bygland. Knut Olav Forgard er styreleiar og kontaktperson i selskapet, medan Leiv Rygg Langerak og Liv Åsne Austad Andersen er styremedlem. Av prioriterte oppgåver i nyare tid, kan ein nemne fylgjande:

- Selskapet har fått innvilga byggesøknad om å setje opp solcellepanel på det høgaste taket på Joker-bygget. Planen er at arbeidet med montering skal starte i siste halvdel av august.
- Pga. ufrivillig “torvtak” på deler av bygningsmassen, har det vore testa ut eit nytt middel for å vaske taka, i første omgang berre på eit mindre areal. Viss dette har ønska effekt, så vil ein vaske alle taka med dette middelet.
- Når det gjeld den tidlegare fontena i sentrum, så har det blitt gjort undersøkingar om den eksisterande fontena, kan takast i bruk på nytt. Det viste seg diverre at dette ikkje var mogleg, så ein har i staden kontakta Landskapsentreprenørene for eit uforpliktande tilbod på ei ny fontene. Om det blir fontene igjen eller ikkje, kjem an på prisen.
- Byglandstunet AS sponsa Tour of Norway for kids (sykkelløp for barn) med kr 5000, i anledning at sykkelløpet vart arrangert i Byglandstunet.

Glashytta Eigedom AS

Glashytta Eigedom AS er eigedomsselskapet som eig lokalet på Presteneset kor det var glasblåseri tidlegare. Knut Olav Forgard er styreleiar og kontaktperson i selskapet, medan Leiv Rygg Langerak og Liv Åsne Austad Andersen er styremedlem.

Den siste tida har prioritert oppgåve vore å leggje til rette for at ny leigetakar i bygget, Olav Grendstad, skal kunne opne kulturkafé der. I starten vil det vere snakk om avgrensa drift innanfor dei godkjenningane bygget har, men det vil etter kvart vere snakk om utvida drift og kulturelle arrangement, så framt ein får godkjent bygget for dette.



John Salve Sigridnes. Opning av Stoga kulturkafe i Bygland 19. juni 2021. Foto: Geir Daasvatn

Høve til å velge eFaktura eller andre elektroniske løysingar

Bygland kommune har nå lagt til rette for at du, som kunde, kan velge fleire typar elektroniske løysingar for mottak av faktura.



Kommunen tar i bruk Multikanal frå TietoEVRY, som forenkler og digitaliserer utsending av faktura

Velg kor du vil ha fakturaen

Multikanal Evry sørger for at fakturaen blir sendt ut slik du, som kunde, har valgt å motta fakturaen knytt til digitale løysingar. Kommunen har ikkje høve til å endre dei digitale vala du har gjort.

- **Faktura i Vipps**

Dersom du ikkje ønsker faktura i Vipps (vipps.no) styrer du dette via Min profil inne på Vipps si side. Der kan du slå av og på rekningar.

- **Faktura i Digipost**

Får du fakturaene i Digipost (digipost.no) bør gå inn på innstillingar på Digipost si side og krysse av for at du ønsker varsel via SMS eller e-post om at du har fått ein ny faktura.

- **eFaktura**

Dersom du ikkje ønsker fakturaene i Digipost, kan det vere eit alternativ å opprette eFaktura. Ved oppretting av eFaktura-avtale med Bygland kommune i nettbanken er personnummeret ditt eFakturareferanse.

- **Faktura i posten**

Dei som ikkje har valgt nokon av dei digitale løysingane vil fortsatt få fakturaene i posten.

- **Faktura for bedrifter**

Bedrifter og organisasjonar, som kan ta imot faktura på elektronisk handelsformat (EHF) og som er registrert i ELMA, vil motta faktura i dette formatet som tidligare. Her er det ingen endringar.

Åtte kommunar samarbeider om grønne innkjøp

Bygland og sju andre kommunar skal bruke innkjøpsmakta til å framskande det grønne skiftet. Roy Akselsen leiar eit prosjekt som er unikt i Noreg



Roy Akselsen. Bilde: Evje og Hornnes kommune

-Innkjøp er kommunane sin grønne supermuskel. Dei åtte kommunane i samarbeidet kjøper inn varer for over 600 millionar kroner i året. No skal vi bruke forbrukarmakta til å drive fram meir klimavenlege løysingar, seier Akselsen.

No er det etter kvart mange grønne kvinner og menn i kommunane som jobbar med klima, miljø og berekraft, men Akselsen har fått ei heilt spesiell oppgåve. Han skal jobbe med grønne innkjøp i kommunane Vennesla, Birkenes, Iveland, Åseral, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle. Det er unikt i Noreg at åtte kommunar går saman i eit slikt samarbeid.

Samarbeid og næringsliv

Det grønne innkjøpsprosjektet er det Miljødirektoratet som finansierer. Prosjektet varer i første omgang i to år. Akselsen begynte i jobben i april og har brukt dei første vekene til å ha møte med innkjøparar og kommuneleiing i alle dei åtte kommunane. Han kjem i hovudsak til å ha kontorstad på Evje.

I tillegg til grøn forbrukarmakt skal han også jobbe med to andre viktige grønne prosjekt:

Vurdere og initiere samarbeidsprosjekt der dei åtte kommunane kan samarbeide om innkjøp og eventuelt dele på utstyr, rett og slett innføre litt delingsøkonomi i dei kommunale systema

Vere pådrivar for marknadsutvikling. Arbeide med lokalt næringsliv slik at kompetansen rundt det grønne skiftet aukar og lokale verksemder og lokalt næringsliv kan posisjonere seg og vere klare til å ta grønne marknadsdelar

- Dette blir veldig spanande. Første konkrete resultat er allereie på plass. Av dei åtte kommunane sine 187 køyretøy, har Valle bestemt seg for å erstatte fire dieselbilar med fire nullutsleppsilar. Vi håpar på mykje slikt - og ikkje minst gler eg meg til å arbeide med næringslivet. Vi arbeider allereie med eit kursopplegg for handtverkarar, koordinert frå Bygland, seier Akselsen.

Mangfaldig bakgrunn

Roy Akselsen kjem frå Toten og har allsidig bakgrunn. Har arbeidde som tømrrar i mange år. Ei arbeidsulykke kunne avslutta yrkeslivet, men sendte

han i staden på skolebenken. Han tok NTNU i Trondheim og Gjørvik med fordypning i faga samfunnsøkonomi, samfunnsgeografi og design.

-No frista Agder fordi vi har barnebarn her og fordi denne jobben er midt i blinken av det eg ønskjer å drive med. Det grønne skiftet må komme. Kommande generasjonar er avhengig av at vi legg om, og då har kommunane mykje kraft å sette inn. Kommunane blir viktige i den store jobben, og endringane vi må gjennom, seier Akselsen.

Kontaktinformasjon til Roy Akselsen

T: 904 71 205 - E: roy.akselsen@e-h.kommune.no

Plan og Utvikling

Innspel til kommuneplanen sin arealdel – forlenga frist til 15. oktober!

I løpet av våren har vi gjennomført fleire fysiske møte i samband med medverknad til revidering av arealdelen. Det står likevel att eit par møte som vil bli gjennomført i løpet av september.



Dronebilde: Tor Ånon Kleivane

Det gjer at vi forlenger fristen for å kome med innspel til **15. oktober 2021**.

Skjema for innspel finn du på heimesida til Bygland kommune, eller du kan få det tilsendt ved å kontakte oss på e-post post@bygland.kommune.no eller tlf. 379 34 700.

Drift og Forvaltning

Bleka blir vist fram i Bergen

Akvariet i Bergen får på plass utstilling med bleka. I førre veka var dei i Bygland for å hente levande eksemplar

Med støtte frå Miljødirektoratet og vassdragsregulanten er det no klart for ei eiga utsilling av bleka. Det blir eit fint høve til å formidle den spesielle saga om, og redninga av bleka i Byglandsfjorden. Bleka finns bare i Byglandsfjorden og er unik, faktisk i verdenssamanheng.



Even Romarheim og Even Skåtøy frå Akvariet i Bergen flytter Bleka over i transporttanken.



Jon Løyland (til venstre) og Even Skåtøy og Even Romarheim frå Akvariet i Bergen. Begge bilde: Kjell Øyvind Berg

Torsdag den 24.6.2021 kom Even Romarheim og Even Skåtøy frå Akvariet i Bergen med spesialbil for å frakte levande fisk. Jon Løyland hadde fått i oppdrag å fange levande bleke som Akvariet ønsker å vise fram i sommar.

Akvariet vil få på plass utstillinga før storinnrykket no til sommarferien

Får du Blekefangst?

Gjennom åra har mange bleker blitt radiomerka. Dersom du fiskar og fangar Bleke der ein oppdagar ein liten svart gjenstand på fisken (kan ikkje ta feil), så vil vi vere svært takksame dersom denne kan bli



Foto: Blekeprosjektet

levert på Bygland kommunehus med opplysningar om lengde på fisken, kvar fisken er fanga og namnet på finnaren. Informasjonen i desse sendarane kan gi viktig informasjon om bleka sine vandringar.

Målsetjinga med forskinga er å etterkvart få ein berekraftig sjølvproduserande bestand av fisken. Godt arbeid gjennom mange, mange år har gitt resultat, og her er godt håp om at vassdraget vårt framleis vil vere levestaden for bleka.

Ymse frå Drift og Forvaltning

- I perioden 21/6 – 16/7 vil det vere til saman 18 skuleungdomar engasjert ved eininga DFV. Dei vil utføre arbeid på bygg, grøntanlegg, reinhald og avfalls – og krypsivrydding.
- Arbeidet med å rehabilitere delar av Skrelandsvegen går veldig greitt, og ein vonar tiltaket vil vere ferdig med asfaltering før sommarferien. Entreprenør Gunnar Gautland frå Grendi har oppdraget.
- Norconsult er hyra inn for å bistå oss i å utarbeide anbudsdokument med tanke på å få til alternativ oppvarming på Byglandsheimen. Vonleg kan me spare inntil 50 % av straumkostnadane til oppvarming med å montere rett teknologi. Målet er å få til ei årleg innsparing på ca 165 000 KWh. Me ynskjer å starte det fysiske arbeidet i fyrste halvdel av 2022.

Tilskott til miljøtiltak i skog 2021

Landbruksdirektoratet har sett av 8 millionar kroner til miljøtiltak i skogbruket, der 6 millionar skal gå til skogeigerar som tek vare på nøkkelbiotopar i større omfang. I dette inngår fleirårige kontraktar om nøkkelbiotopar og fornying av gamle avtalar. Tilskott kan bli gjeve til å ta vare på områder rundt rovfuglreir og spelområde for tiurleik.

Dei øvrige 2 millionane blir delt til ulike formål som friluftslivstiltak, synleggjering av kulturminner,

ivaretaking og skjøtselstiltak i nøkkelbiotopar og fjerning av frøformerte planter av utanlandske treslag utanfor produksjonsbestand av slike treslag. Meir informasjon om korleis de skal søke finn de på Bygland kommune sin heimeside. De kan òg ta kontakt med skogbrukssjefen på tlf. 37 93 53 51 eller e-post inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no



Foto: Inge Olav Fjalestad

Kultur

Folkebiblioteket

Sommarles 2021 – Det magiske regnskogen

Endeleg sommar og ny Sommarles!
Delta i Noregs største og kulaste
lesekampanje
Les meir på: sommarles.no



Filmbib.no

Alle med nasjonalt lånekort på
norske bibliotek kan sjå kort- og
dokumentarfilm gratis gjennom
strømmetjenesten Filmbib. Du
logger deg inn med lånennummer og
PIN-kode som du får på biblioteket.




Lånekort får du hos det lokale biblioteket (eller hos Nasjonalbiblioteket:
<https://nb.bib.no/>).

Oppvekst

Klassetur og vitnemålsfest for 10. Klasse

10. klasse har fått seg ein tur til Rjukan. Dei
vitja blant anna Vemork, gjekk sabotørstien,
Gaustatoppen og fekk omsyning i Nato-
anlegget. Når tur til Polen vart avlyst var det
eit godt alternativ å bli kjend med noko av
krigshistorien til landet vårt.

Det har vore gjennomført vitnemålsfest for 10.
klasse. Det er ein flott gjeng med ungdomar vi
sender i frå oss og vi ønskjer dei lukke til vidare
i livet.



Vemork. Foto: pixabay.com



Solsikker. Foto: Valborg Attestog

Gamaveka 2021

«Kompani Moe» og «Kompani Haugetveit» ved Bygland skule

Som mange andre skular, har også Bygland oppvekstsenter hatt sine versjoner av «Kompani Lauritzen» i gamaveka 2021.

1. – 7. klasse stilte opp som «**Kompani Moe**» og rekruttane vart utfordra både på samarbeid og pågangsmot som på fysisk styrke.



«Kompani Haugetveit» på skuleplassen i Bygland. Foto: Kristin Nilsen / Bygland oppvekstsenter

Versjon til ungdomsskulen heitte «**Kompani Haugetveit**» etter kompanisjef Arne Haugetveit.

Troppen vart delt i lag med lagførarar. Laga fekk opplæring i slutta orden og marsjering. Dei var og ute på oppdrag som kravde både fysiske styrke, lagånd, samarbeid, logisk tankegang og anna kløkt. Vel utført øvelse av alle saman!

Friluftsseke ved Byglandsfjord skule

Oppvekstsenter i Byglandsfjord organiserte friluftsseke med toppturer, padling og ekskursjon til havet.

Til høgre: Padletur på Byglandsfjorden. Foto: Signe Torsvik Egeland



Sommarstengt barnehage 2021

Barnehagene i Bygland og Byglandsfjord har sommarstengt veke 28+29+30.
Første dag etter ferien vert måndag 2.august.



Oppvekstsentra i Bygland

Første skuledag etter sommarferien vert torsdag 19. august



**Bygland kommune ønsker alle
GOD FERIE!**

Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND


Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Gudstenester

- søndag 11.07. kl. 11.00, KVS Bygland
- søndag 18.07. kl. 12.00, Austadneset
- torsdag 29.07. kl. 18.00, Olsok i Sandnes kapell



Ny trusopplærer i Bygland og Årdal sokn:

Malin Hegenscheidt frå Åraksbø skal starte som ny trusopplærer til hausten.

Les om Malin og trushistoria hennar i sommarutgåve 2021 av **Kyrkjebladet for Bygland**



Meir informasjon og PDF av kyrkjebladet finn du på bygland.kyrkje.no

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,

Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:
post@bygland.frivilligsentral.no

Bygland frivilligsentral (BF) må framleis utsette
oppstart av dei fleste aktivitetane sine.

Informasjon om oppstartsdato og smittevernomsyn i følgje smittevernplan vil
kome etterkvart på www.bygland.frivilligsentral.no/ og på Facebook

Opne aktiviteter er:

- **BUA Bygland (tidligere Utstyrssentralen)**, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøyring av middag** to gonger i veka
- **Følgjeteneste**
- **Transport til og fra vaksinasjo**



Kino på Bygland kulturscene

Ingen framsyning i juli

Tømekalender for Bygland kommune – juli 2021

Matavfall og restavfall: veke 26: torsdag 01.07.

Papir og plast: veke 28: tysdag 13.07.

Matavfall og glass/metall: veke 24: torsdag 15.07.

Matavfall og restavfall: veke 30: torsdag 29.07.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (14.07.)
og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (24.07.)

Øyrtveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl.
08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (10.07.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 23:

*Bilete: Framside: Utsikt over Byglandsfjorden, Landeskogen av
Johannes Hansen. Innhald (med mindre anna er spesifisert):*

Susanne Hegenscheidt, pixabay.com, sommarles.no,

*Nasjonalbiblioteket, Tour of Norway. Setesdalsmuseet, Nina
Bygland, Marit S. Kvaale, Anne Fauske, Geir Daasvatn.*

*Red.notat: S. Hegenscheidt. Kva skjer: Elling Hildre. Tusen takk
til alle fotografane! **GOD SOMMAR!***



Ymse

Midt-Agder Friluftsråd informerer: TellTur turregistring

Midt-Agder Friluftsråd har starta opp med TellTur i heile regionen. TellTur er friluftsrådene sitt elektroniske system for turregistrering. Via appen "Norgeskart Friluftsliv" kan du finna turmål og registrera resultatane dine. Konkurrer med deg sjølv eller med andre turgåarar om å nå fleire mål!



Tjovhola. Foto: Åshild Moi Aasland

I Bygland er det førebels lagt ut 11 turmål, men du kan og gå turar i andre kommunar om du vil. I heile regionen er det lagt ut over 230 turmål. Du kan registrere turar heilt fram til årsskifte. Alle som oppnår 200 poeng eller meir, er med i trekkinga av flotte premiar. Vi trekker og ein tilfeldig vinnar i slutten av kvar månad. Du må ha registrert minst ein tur for å vere med i denne trekkinga. Vinnaren blir offentleggjort på våre nettsider (www.TellTur.no) og på vår Facebookside.

Kom i gong med TellTur:

- Registrer deg først som brukar på www.TellTur.no
- Last så ned gratis-appen "Norgeskart friluftsliv"
- Opne venstre sidepanel på appen og klikk på "TellTur"
- Logg inn med brukarnamn og passord

For å samle poeng vel du sjølv om du vil gå den samme turen mange gongewr, eller om du vil gå til ulike turmål. Ver merksam på at det ikkje er fysiske kodar eller skilt på stadene. Når du er innanfor 50 meter av målet, vil du kunne sjekke inn på turmålet gjennom appen.

For meir informasjon, sjå nettsidene til Midt-Agder Friluftsråd: midt-agderfriluft.no/tur-aktivitet/telltur

"Tour of Norway for kids" – Stor suksess i Bygland 21. juni!

Vi siterer frå bloggen til ToN for kids (tourkids.no/nyheter/)

«Baluba i Bygland!

I dag har Norges desidert største sykkelritt for barn besøkt Bygland for første gang!



Foto: Tour of Norway for kids

Bygland er ei perle av ei bygd, og her har de alt, oppvekstsenter, kirke, aldershjem. Nå skulle de få en sykkelfest også.

Endelig var dagen kommet, og vi ble møtt av strålende blide Joker-Kjøpmenn fra Joker Bygland, samt et fulltallig idrettslag. Bygland er kjent for dugnadsånden sin, med rette. I det flotte området fremfor joker-butikken kom det sporenstreks opp en suveren sykkelarena, og løypa var av det spennende slaget.

Vi tjuvstartet litt med påmeldingen i dag også, for her strømmet det til med unge ryttere fra fjern og nær. Startnummer og t-skjorter ble nærmest revet bort fra området, et område som var mer enn stort nok for å kunne opprettholde gode smitteverntiltak.

Klokken nærmet seg 18.00, og etter utallige kjørte runde hadde alle de talentfulle rytterne stilt seg opp, klare til å være heiagjeng mens de ventet på at det skulle bli deres tur til å trække til. Joker Bygland og Byglandstunet AS delte ut to profesjonelle trøyer, til to ekstra heldige deltakere, og rittet kunne gå sin seiersgang.

Syklist etter syklist la ut på den lange, jubelfylte ferden i strålende sommervær, og ble heiet rundt og inn til mål, hvor velfortjente premier ble delt ut.

For en stemning! Vi ble nesten slått i bakken av engasjementet som ble vist frem, og det var store smil så langt vi kunne se. Rytterne ble jublet inn til mål, alle som en, som plutselig hadde alle fått både heder, ære og mange premier.

Vi sier tusen takk for en aldeles strålende debut, og gleder oss til neste gang vi skal stifte bekjentskap med dere!

Tusen takk for oss!»



Sommar på Presteneset i Bygland

Bygland turistkontor

På turistkontoret får ein turkart, reise- og overnattingsinformasjon og suvenir frå lokale produsentar. Kontoret er og ansvarleg for informasjon rundt dampskipet **Bjoren** (bestilling av billetter på: bjoren.no) og **Bygland museum**.

Opningstider

Bygland turistkontor/Bygland museum
21. juni – 15. august kl. 11.00 – 17.00

Velkomen innom!

BUA Bygland v/ frivilligsentralen

Lån utstyr til idrett, friluft og tur. Gratis for byglendingar. Slik får du ei fantastisk oppleving i naturen!

Vakttelefon: **945 02 858**

Bjoren brygge / «Brygga»

Musikk- og serveringsstaden held ope i juli onsdag til søndag, august kvar helg

- 3/7 kl 21.00. Konsert: Depui frå Evje
- 10/7 Lagquiz. 75 spørsmål
- 30/7 Country med Oddvar Omnes (utselt)
- 31/7 Rock Session. Med 3 band

Til høgre: Brygga. Foto: Torhild Larsson

Stoga kulturkafé

Den ny kulturkaféen STOGA i tidligare Glashytta held ope kl. 11.00 – 17.00 kvar dag fram til 15. august.

Endra opningstider til hausten.





Sommaren 2021

Grunna covid-19 viruset er Kulturpatrolja også i år organisert med konsertar på faste stader. Hovudarena er Sylvartun, der Setesdalsmuseet har utstillingar. Den andre arenaen er ved Bykle kyrkje.

Både stader vert det inviterer vi til minikonsertar med unge lovande folkemusikerar.

Kvedarane **Vetle Tveiten Hoslemo** og **Sigrid Kjetilsdotter Jore** møter du i Bykle kyrkje. Vetle er velkjend for dei fleste med sin imponerende finaleplass i Norske Talenter for eit par år sidan. Sigrid har delteke i Kulturpatrolja sidan starten, og er elles velkjend på konsertscenen.

Eldbjørg Trydal Rysstad er også kvedar, og har trass sin unge alder gjort seg bemerkta på folkemusikkfestivalar og konsertar i fleire år. Eldbjørg har sine konsertar på Sylvartun. Der treffer du også spelemannen **Eivind Tanche-Larsen Knutsen**. Han har vunne landskappleiken for munnharpe junior tre gonger, og fleire gode plasseringar på hardingfele.

Vetle Tveiten Hoslemo høyrer du i Bykle kyrkje følgjande dagar:

Kl. 14: 5.7, 7.7, 9.7, 2.8, 4.8

Kl. 16: 12.7, 19.7, 26.7, 28.7

Sigrid Kjetilsdotter Jore høyrer du i Bykle kyrkje følgjande dagar:

Kl. 14: 14.7, 21.7

Eldbjørg Trydal Rysstad høyrer du på Sylvartun (4 km nord for Rysstad) følgjande dagar:

Kl. 14: 1.7, 3.7, 13.7, 15.7, 16.7, 23.7, 30.7, 31.7

Eivind Knutsen spelar på Sylvartun (4 km nord for Rysstad) følgjande dagar:

Kl. 14: 20.7, 22.7, 27.7, 29.7

Setesdalsmuseet

VEL BEVART, GODT FORTALT



Vi er ein del av Aust-Agder museum og arkiv IKS, saman med KUBEN i Arendal og Grimstad bys museer.



Velkomen til gratis sommarkonsertar i Setesdal 2021



Kirsten Bråten Berg
Foto: Knut Utler

Bergtun hotell, Valle torsdag 15.7 kl. 15

Kirsten B. Berg og Daniel Sandén Warg

The Village, Hovden fredag 15.7 kl. 18

Daniel Sandén Warg

Revsnes hotell, Byglandsfjord fredag 16.7 kl. 15

Daniel Sandén Warg



Daniel Sandén Warg

Sølgarden hotell, Rysstad fredag 16.7 kl. 18

Kirsten B. Berg og Daniel Sandén Warg

Dølen hotell, Evje laurdag 17.7 kl. 16

Kirsten B. Berg og Daniel Sandén Warg

Hovdestøylen, Hovden søndag 18.7 kl. 17

Kirsten B. Berg og Daniel Sandén Warg

Setesdalsmuseet

VEL BEVART, GODT FORTALT



Vi er ein del av Aust-Agder museum og arkiv IKS,
saman med KUBEN i Arendal og Grimstad bys museer.



KVA SKJER I BYGLAND?

Juli 2021

	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT (med atterhald om endringar)
sundag 04.- 11.07.	Olav Nilsen / KVS Bygland		Bibel- og naturcamp
sundag 11.07.	KVS Bygland	Kl. 11.00	Gudsteneste
sundag 18.07.	Austadneset	Kl. 12.00	Friluftsgudteneste
Fredag 23.07.	Bygland luftsportklubb, Bygland museumstun		Gamaveka Extreme 2021 23. juli – 1. august
torsdag 29.07.	Sandnes kapell, Sandes	Kl. 18.00	Olsok-gudteneste

Seglingsplan Bjoren sommaren 2021:

- søndag 04. juli kl.11.00 Bygland
- onsdag 07. juli kl.11.00 Bygland
- søndag 11. juli kl.11.00 Byglandsfjord
- onsdag 14. juli kl.11.00 Byglandsfjord
- søndag 18. juli kl.11.00 Byglandsfjord
- onsdag 21. juli kl.11.00 Byglandsfjord
- søndag 25. juli kl.11.00 Bygland
- onsdag 28. juli kl.11.00 Bygland

Informasjon og booking på bjoren.no

